

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE

DATO: 04. og 05. november 2014

MØTESTAD: Sola Strand Hotel, Sola

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Raymond Kvammen	Varamedlem

FORFALL FRÅ STYRET

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Torunn Nilsen ref.

4. november (Sola Strand Hotel):

Styremøte Helse Vest RHF

Fellesmøte mellom RHF-styret og Regionalt brukarutval

Styreseminar med RHF-styret og styreleiar og AD i HF-a

5. november (Sola Strand Hotell)

Styreseminar med RHF-styret og styreleiar og AD i HF-a

Deltaking på opning av Schizofrenidagane i Stavanger

Styremøte Helse Vest RHF

SAKLISTE:

- Sak 109/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Sak 110/14 Administrerende direktør si orientering
- Sak 111/14 Rapportering frå verksemda per september 2014
- Sak 112/14 Strategi – kjøp av spesialisthelsetenester
- Sak 113/14 Tiltak for å auke utdanningskapasiteten for sjukepleiarar i regionen
- Sak 114/14 Vald og truslar mot tilsette i helseføretaka
- Sak 115/14 Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2015 - 2017
- Sak 116/14 Høyring - NOU 2014 4 Enklare regler - betre anskaffingar
- Sak 117/14 Internrevisjonsrapport om bruk av tvang i psykisk helsevern

Saker til orientering:

- Sak 118/14 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsrapport om tvang i psykisk helsevern
- Sak 119/14 Oppfølging av internrevisjonsprosjekt innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)
- Sak 120/14 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsprosjekt innan TSB
- Sak 121/14 Orientering om pasienttryggleikskulturmålinga 2014
- Sak 122/14 Eventuelt
Skriv og meldingar

Sak 109/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar ønskja velkommen til møtet og orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Lise Strømme hadde meldt forfall til møtet. Raymond Kvammen møtte som vara.

Dokument som er delt ut i møtet:

Følgjande dokument var delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet

Eventuelt:

Det var ikkje meldt saker til eventuelt.

Styret sitt kvarter:

Styreleiar orienterte om at etter styremøtet ville det bli styret sitt kvarter. Styret sitt kvarter er lukka for publikum og presse og administrasjonen deltek heller ikkje.

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 110/14 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. «Alle møter» 2015

Administrasjonen orienterte om status i arbeidet med «Alle møter» og Vestlandspasienten.

Vestlandspasienten.no, er no i produksjon med følgjande forbetringar:

Røntgentimar i Helse Bergen og Helse Stavanger, innsyn for pårørande med barn under 12 år på same folkeregistrerte adresse som forelder,

«Fullskala» elektronisk meldings-funksjonalitet frå 33 til 180 einingar, betre vising av timar (namn på behandlar m.v.), samt oppdaterte telefonnummer og epost frå portalen til DIFI

Alle meldingar frå pasientar blir registrert i DIPS, og føretaka er flinke til å svare. Det er god kontroll på meldingshandtering i føretaka.

Helse Stavanger har 26% fleire som ikkje møter til rusbehandling. Det er også eit aukande antal i Helse Bergen.

Framover må ein og ta fatt i alle situasjonar som fører til replanlegging - ikkje kun det at pasienten ikkje møter.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering

Sak 111/14 Rapportering frå verksemda per september 2014

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per september 2014 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 77 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 72 dagar.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per september 2013, både for innlagde døgnpasientar, dagbehandling, poliklinisk behandling, og for talet genererte DRG-poeng. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern syner høgare poliklinisk aktivitetsnivå innan BUP og psykisk helsevern for vaksne samanlikna med same tid i 2013. Det er og generert fleire utskrivne døgnpasientar innan psykisk helsevern for vaksne. Talet på liggjedøgn hittil er lågare enn førre år, både innan PHV og BUP.

Prosentdelen fristbrot for behandla låg på 5 % i september 2014, og har stege etter sommaren. Innan somatikken er korridorpatientar framleis ei utfordring, og det gjennomsnittlege talet pasientar på korridor steig den seinaste månaden. Innan psykisk helsevern har talet korridorpatientar samla sett vore høvesvist stabilt dei seinaste månedane. Talet i Helse Stavanger gjekk litt opp, medan det gjekk ned i Helse Bergen seinaste månad. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen var på eit historisk lågt nivå seinaste månad. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 83 % innan somatikken og 82 % innan psykisk helsevern i september 2014.

Per september 2014 var det samla sjukefråværet på 6,1 % og sjukemeldt fråvær på 4,9 %.

Både sjukemeldt fråvær og samla sjukefråvær var lågare enn per september 2013. Per september 2014 har 65,53 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 67,94 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Det er ein auke med 128 brutto månadsverk frå september 2014 til oktober 2014 samla for føretaksgruppa. Netto månadsverk har gått opp med 264 månadsverk i same perioden samla for føretaksgruppa. Det er spesielt å merke seg at Helse Stavanger har ein auke på 99 netto månadsverk, medan brutto månadsverk ligg stabilt samanlikna med førre månad.

Det er per september 2 995 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Totalt er det 2 782 fleire tilsette i 100 % stilling per september 2014 samanlikna med desember 2010. Ved utgangen av september 2014 er den korrigererte gjennomsnittlege stillingsprosenten 90,65 %.

Det økonomiske resultatet i september var kr 71,2 mill. som er kr 49,1 mill. betre enn budsjett. Akkumulert resultat er kr 677 mill. som er kr 265,8 mill. betre enn budsjettet. Samla rapporterer føretaka ein resultatprognose som er over budsjett. Investeringane per september er på kr 1,27 mrd. Dette utgjør omlag 65 % av budsjettet investeringsnivå i 2014. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

I perioden 1. juli til 30. september er det registrert 1 798 oppslag som omhandlar Helse Vest og dei underliggjande føretaka og institusjonane. Mediedekninga for Helse Vest RHF er lågare denne perioden, med 252 registrerte oppslag, mot 408 ved førre måling. Vinklinga av det regionale helseføretaket i media er jamt delt mellom positiv og negativ, med 29 artiklar kvar og 41 prosent nøytral. Omdømmeindikatoren har ei svak negativ utvikling gjennom perioden. Medieomtalen har totalt sett berre hatt liten påverknad på omdømmet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per september 2014 til etterretning.

Sak 112/14 Strategi – kjøp av helsetenester

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har i tilleggskdokument av 27. juni 2014 til oppdragsdokument 2014 bedt dei regionale helseføretaka om å utarbeide ein ny og offensiv strategi for auka bruk av private gjennom anbod.

Forslaget til strategi er knytt opp mot sørgje for ansvaret og Helse 2020 og skal bidra til å sikre at mål som er sett for spesialisthelsetenesta i regionen blir nådd også ved kjøp av teneste frå private, og at Helse Vest så langt som mogleg sikrar ein optimal bruk av dei avtalar som blir inngått.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF vedtok «Strategi for kjøp av spesialisthelsetjenester».

Fellesmøte mellom RHF-styret og Regionalt brukarutval blei gjennomført med følgjande program:

Presentasjon av styret og Regionalt brukarutval

Orientering om arbeidet i Regionalt brukarutval ved leiar Njål Idsø

RBU medlem Steinar Andersen tok opp 3 utfordringar knytt til:

- Behandling av innbyggjarar i grensekommunar
- Ambulansetilbodet
- Pasientreiser

RBU medlem Pål Berger presenterte recovery begrepet som ein del av behandlinga

- innan rusfeltet, med særleg fokus på TSB og
- oppfølging etter behandling

Sak 113/14 Tiltak for å auke utdanningskapasiteten for sjukepleiarar i regionen 2014

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

I behandlinga av styresak 032/14 Styringsdokument til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, hadde styret følgjande innspel:

Styret viste til at talet på sjukepleiarar som blir utdanna i regionen går ned, og ba administrasjonen sende eit tydeleg bodskap til departementet om at vi ønskjer auka utdanningskapasitet.

I følgje rapport publisert av statistisk sentralbyrå om «Arbeidsmarkedet for helse- og sosialpersonell fram mot år 2035» frå 2012 (Kristian Roksvaag og Inger Texmon), er det sannsynleg at det vil bli eit underskot på 23 000 årsverk for sjukepleiarar på landsbasis i 2035 om ein ikkje sett inn tiltak no. Den nye SSB oppdaterte rapporten per 15. oktober 2014, understreker ytterlegare behovet framover: <http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/framskrivinger-av-befolkning-og-arbeidsstyrke-etter-utdanning-med-alternative-forutsetninger-for-innvandring>

Føresetnadene som ligg til grunn for rapporten er dagens (2010) opptak og fullføringsgrad av studentar, samt dagens oppgåveplanlegging. SSB understreker i sin siste oppdatering 15. oktober 2014 at framskrivingane er usikre.

Samstundes er talet på obligatoriske praksisplassar ved utdanningsinstitusjonane på Vestlandet redusert i tråd med oppdragsdokumentet til Helse Vest (Vedlegg 1 – angir tal på praksisplasser i forhold til fastsett utdanningskapasitet). Dette samsvarer dårleg med det framtidige behovet for sjukepleiarar.

Styret var uroa over fråfallet frå sjukepleiarutdanninga og at talet på obligatoriske praksisplassar på Vestlandet går ned.

Vedtak (samrøystes)

Styret ba administrasjonen ta opp behovet for auka utdanningskapasitet for sjukepleiarar med Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet og undervisningsinstitusjonane i regionen.

Sak 114/14 Vald og truslar mot tilsette i helseføretaka

Det er gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Uttrekk frå protokoll 067/14 Rapportering frå verksemda per april 2014

«Styret var uroa over aukinga i talet på truslar og vald mot tilsette. Styret ønska ei styresak til hausten med ei vurdering av situasjonen og forslag til tiltak. Styresaka bør omhandle oversikt over kor mange «farlege» pasientar vi har som burde vore i fengsel, rutinar, tiltak for å beskytte tilsette, førebygging og oppfølging, samt tiltak når skade faktisk har skjedd. Styret ønskjer at arbeidsplassane i Helse Vest skal vere trygge».

Gjennom HMS rapporteringa har styret blitt uroa over auke i talet på rapporterte alvorlege hendingar. Styret ønska ei styresak med ei vurdering av situasjonen og forslag til tiltak. Styresaka omhandlar oversikt over rutinar og tiltak for å førebygge alvorlege hendingar mot medarbeidarar, oppfølging av medarbeidarar og tiltak når skade faktisk har skjedd.

Arbeidsmiljølova kapittel 4, § 4-1 stiller generelle krav til arbeidsmiljø.

«(1) Arbeidsmiljøet i virksomheten skal være fullt forsvarlig ut fra en enkeltvis og samlet vurdering av faktorer i arbeidsmiljøet som kan innvirke på arbeidstakernes fysiske og psykiske helse og velferd. Standarden for sikkerhet, helse og arbeidsmiljø skal til enhver tid utvikles og forbedres i samsvar med utviklingen i samfunnet.

(2) Ved planlegging og utforming av arbeidet skal det legges vekt på å forebygge skader og sykdommer. Arbeidets organisering, tilrettelegging og ledelse, arbeidstidsordninger, lønnsystemer, herunder bruk av prestasjonslønn, teknologi mv. skal være slik at arbeidstakerne ikke utsettes for uheldige fysiske eller psykiske belastninger og slik at sikkerhetshensyn ivaretas.

(3) Det skal vurderes om det er særlig risiko knyttet til alenearbeid i virksomheten. Tiltak som er nødvendig for å forebygge og redusere eventuell risiko ved alenearbeid skal iverksettes, slik at lovens krav til et fullt forsvarlig arbeidsmiljø ivaretas».

Styret har satt fokus på at det ved kvart av styremøta også blir rapportert på HMS/kvalitets område.

Føretaksgruppa Helse Vest har utvikla strategiar og tiltak på HMS/kvalitetsområdet i samsvar med felles nasjonale indikatorar på området.

Frå drøftingsprotokollen med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod:

Det er viktig at Helse Vest setter fokus på dette temaet, som er av stor betydning for mange medarbeidere i foretaksgruppen. Det er iverksatt mange gode tiltak i psykiatrien, og det er viktig at man lærer av hverandre på tvers av foretak og fagområder.

For å sikre et forsvarlig arbeidsmiljø for alle i helseforetakene er det viktig å hele tiden jobbe for å redusere risikoen for vold og trusler mot medarbeiderne. Vold, trusler og utagering er en del av sykdomsbildet hos enkelte pasienter, men det er uheldig å si at det «må til ein viss grad sjåast som pårekeleg risiko». En hver risiko skal reduseres til en akseptabel risiko i tråd med at arbeidsmiljøet skal være fullt forsvarlig – alt annet er et brudd på arbeidsmiljøloven.

Opplæring er et viktig risikoreduserende tiltak. Både teoretisk og praktisk opplæring er nødvendig, og det må trenes jevnlig på de praktiske ferdighetene. Opplæringen må dimensjoneres i forhold til risikoen, altså mest opplæring i deler av psykiatrien. Vold og trusler er også et økende problem utenfor psykiatrien og det må sikres en minimumsopplæring

for alle medarbeidere. Det må også være enkle og tydelige retningslinjer, slik at den enkelte medarbeider får økt trygghet ved å ha klare handlingsalternativer når en situasjon oppstår.

Det pekes i styresaken også på eventuelle væpna aksjoner o.l. rettet mot foretakene. Beredskapsplanene må være oppdatert med tanke på å beskytte medarbeiderne i slike situasjoner.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.
2. Styret er uroa over situasjonen og ber om at det blir laga ein oppsummering i samarbeid med helseføretaka som gjer grunnlag for å ta saka opp med Helse- og omsorgsdepartementet.
3. Styret ønskjer at helseføretaka ser på tiltak for å sikre at det ikkje blir tatt inn farlege gjenstandar ved innskriving og/eller ved besøk til klinikkane. Det må sikrast ein lik praksis for heile føretaksgruppa.
4. Styret legg til grunn at føretaksgruppa Helse Vest har arbeidsplassar som sikrar alle tilsette i deira arbeidssituasjon.

Sak 115/14 Oppnemning av regionalt brukarutval i Helse Vest 2015 - 2017

Oppsummering

Organisasjoner (SAFO), eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Kreftforeningen og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har spelt inn kandidatar til Regionalt brukarutval i Helse Vest. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke medan SAFO, eldreråda, Kreftforeningen og RIO får eit medlem kvar i Regionalt brukarutval.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest oppnemner følgjande medlemmer og varamedlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest for 2015-2017:
 - Elisabeth B. Salte, FFO Rogaland / Norsk Astma- og allergiforbund
 - Kari Toftøy-Andersen, FFO Rogaland / Fibromyalgiforeningen
 - Harald Lindvik, FFO Sogn og Fjordane/ Hørselshemmedes Landsforbund
 - Oddveig Birkeland, FFO Sogn og Fjordane / Norsk Revmatikerforbund
 - Claus Ingebrigtsen, FFO Hordaland / MS Foreningen
 - Linn Bæra, FFO Hordaland / Rådgivningen om spiseforstyrrelser
 - Grete Müller, SAFO Vest/ Norsk Forbund for Utviklingshemming
 - Grete Knudsen, Kreftforeningen
 - Pål Berger, Rio
 - Sven Hove, Eldrerådet i Rogaland fylkeskommune

Varamedlemmer:

- Annbjørg Hellestræ, 1. vara FFO Rogaland/ Mental Helse
- Ingunn Westvik Jolma, 2. vara FFO Rogaland/ Barnekreftforeningen i Rogaland
- Øystein Vangen, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/ Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Solfrid Lillebø, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/ Mental Helse
- Svein Nord Kristiansen, 1. vara FFO Hordaland/ Landsforeningen for hjerte- og lungesyke
- Inge Aareskjold Fiskvik, 2. vara FFO Hordaland/ Norges Blindeforbund, Hordaland
- Kjell Inge Bringedal, SAFO Vest, Rogaland Poliolog, Norges Handikapforbund Karmøy
- Henrik Aasved, Kreftforeningen
- Victoria Skretting, Rio
- Dagfinn Vik, Eldreråda Hordaland

2. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

Sak 116/14 Høyring - NOU 2014 4 Enklare regler - betre anskaffingar

Denne saken er skrevet på bokmål fordi store deler av teksten i saken under er hentet fra Nærings- og fiskeridepartementets høringsbrev som er på bokmål.

Oppsummering

Saken gjelder høringsinnspill fra Helse Vest RHF til Nærings- og fiskeridepartementet vedrørende *NOU 2014:4 Enklere regler – bedre anskaffelser*. Helse Vest RHF støtter i hovudsak forslaga til endringer i regelverket for offentlege anskaffingar som kjem fram av rapporten.

Det såkalte Forenklingsutvalget ble oppnevnt ved Kongelig resolusjon den 14. desember 2012. Utvalget skulle vurdere å foreslå endringer i den særnorske delen av regelverket for offentlige anskaffelser. Det ble særlig lagt vekt på at utvalget skulle fremme forslag for å forenkle regelverket. Med særnorske regler menes den delen av regelverket for offentlige anskaffelser som ikke innebærer en gjennomføring av direktiv 2004/18/EF (anskaffelsesdirektivet) i norsk rett.

Logistikk- og innkjøpssjef Lars-Johan Frøyland i Helse Vest RHF var medlem i utvalget.

Utvalget leverte sin innstilling til Nærings- og fiskeridepartementet den 10. juni 2014. (*NOU 2014:4 Enklere regler – bedre anskaffelser*). Den 20. juni 2014 sendte departementet saken ut på høring.

Vedtak (samrøystes)

Helse Vest RHF gir høringsuttalelse til forslag om forenkling av det norske regelverket for anskaffelser slik det er tatt inn i saksframlegget.

Stemmeforklaring:

Dei tilsettvalde sine styremedlemmer Lise Strømme, Reidun Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viste til høyringar gitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Sak 117/14 Internrevisjonsrapport om bruk av tvang i psykisk helsevern

Oppsummering

Internrevisjonen har gjort ei undersøking av bruk av tvang i psykisk helsevern i Helse Vest. Undersøkinga har omfatta dei fire helseføretaka i helseregionen.

Formålet med internrevisjonen var å undersøkje om Helse Vest har gode prosessar som sikrar at tvangsbruken er i samsvar med regelverk, eksterne og interne retningslinjer.

Hovudkonklusjon: Kvar for seg syner revisjonen at institusjonane og føretaka i Helse Vest har tilfredsstillande prosessar for å sikre at tvangsbruken er i samsvar med regelverk og andre retningslinjer. Det er òg klare indikasjonar på at det er systematiske skilnader i regionen når det gjeld kor sannsynleg det er at pasientane blir tvangsinnlagde, og deretter utsette for ulike tvangstiltak under behandlinga. Dessutan er det svært store manglar i samband med registrering og rapportering av omfanget.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Sak 118/14 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsrapport om tvang i psykisk helsevern

Oppsummering

Internrevisjonen har gjennomført revisjon av bruk av tvang innan psykisk helsevern i Helse Vest, jf. rapport av september 2014. Formålet med prosjektet har vore å undersøkje om helseføretaka har gode prosessar som sikrar at tvangsbruken er i samsvar med regelverk, samt eksterne og interne retningslinjer.

Helseføretaka verkar å ha gode prosessar for å sikre at bruken av tvang er i samsvar med regelverk og eksterne og interne retningslinjer. Det er likevel klare manglar særleg nå det gjelde å sikre korrekt rapportering av omfanget.

Helse Vest vil følgje opp tilrådingane i rapporten i samarbeid med helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Internrevisjonen sine tilrådingar blir følgt opp i samarbeid med helseføretaka.

Det blir i samarbeid med helseføretaka etablerte eit eige prosjekt for å sikre felles rutinar for registrering av tvangsbruk.

Sak 119/14 Oppfølging av internrevisjonsprosjekt innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB)

Oppsummering

Det var i 2012 eit internrevisjonsprosjekt av rusfeltet i Helse Vest. Styra i RHF-et og HF-a behandla rapporten og handlingsplanar frå administrasjonane ved slutten av det året. Revisjonsutvalet i Helse Vest fekk ei statusoppdatering i desember 2013 og ei ny oppdatering i september 2014. Det er den siste saka som ein nå òg legg fram for styret med små endringar.

Internrevisor har hatt ein dialog med administrasjonen i Helse Vest RHF om dette, og vil vise til at administrasjonen legg fram ei parallell sak til styret. Den tar særleg for seg vedtaket i Helse Vest-styret i desember 2012.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 120/14 Helse Vest si oppfølging av internrevisjonsprosjekt innan TSB

Oppsummering

Internrevisjonen peiker på ein rekkje relevante problemstillingar i revisjon innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Styret i Helse Vest RHF hadde fleire kommentarar og spørsmål da revisjonssaka var til behandling, mellom anna om organisering av vurderingseiningar innan TSB, om pasientbehandlinga, om pasientforløp og om IKT støtte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok administrasjonen sine kommentarar knytt til revisjon innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling til orientering.

Sak 121/14 Orientering om pasienttryggleikskulturmålinga 2014

Oppsummering

Resultatet av måling av pasienttryggleikskulturen viser liten endring for regionen som heilheit, men kan peike i retning av ei lita forbetring. Resultata blir følgt opp i føretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar saka om resultat av målingar i pasienttryggleiksprogrammet til orientering.

Sak 108/14 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar er sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 280814 – Rapportering pr. juni/juli 2014

- Brev frå Ørsta Næringskontor til Helse Vest RHF, dagsett 061014, mottatt 171014 – Henvendelse vedrørende Volda sjukehus
- E-post frå Helse Vest RHF til Ørsta Næringskontor, dagsett 171014 – Bekreftelse på mottatt brev
- Møtereferat regionalt brukarutval i Helse Vest, dagsett 240914

Styret sitt kvarter

Etter styremøtet var det styret sitt kvarter. Administrasjonen deltok ikkje på styret sitt kvarter.

Ref. Torunn Nilsen
05. 11. 2014

Terje Vareberg	Styreleiar
----------------	------------

Lise Reinertsen	Nestleiar
-----------------	-----------

Ohene Aboagye	Medlem
---------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Tone Berentsen Steinsvåg	Medlem
--------------------------	--------

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Tom Guldhav	Medlem
-------------	--------

Sett:

Lise Karin Strømme	Medlem
--------------------	--------

Reidun Nyborg Johansen	Medlem
------------------------	--------

Aslaug Husa	Medlem
-------------	--------

Raymond Kvammen	Medlem
-----------------	--------

